

KOMMISJONSVEDTAK

2008/EØS/38/02

av 3. januar 2005

om endring av vedtak 2001/881/EF om utarbeiding av ei liste over dei grensekontrollstasjonane som er godkjende til å føre veterinærkontroll med produkt og dyr frå tredjestatar, og om ajourføring av dei nærmare reglane for kontrollen som veterinærakkyndige frå Kommisjonen skal føre(*)

[meldt under nummeret K(2004) 5598]

(2005/13/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

- 2) I kommisjonsvedtak 2001/881/EF⁽³⁾ er det fastsett kor ofte Kommisjonen skal gjennomføre inspeksjonar ved grensekontrollstasjonane i Fellesskapet, særleg med omsyn til infrastruktur, utstyr og korleis grensekontrollstasjonen fungerer.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 97/78/EF av 18. desember 1997 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av produkter som innføres til Fellesskapet fra tredjestater⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 2,

- 3) Etter at det vart innført harmoniserte standardar for anlegg ved grensekontrollstasjonar ved kommisjonsvedtak 2001/812/EF⁽⁴⁾, stettar dei fleste av grensekontrollstasjonane no dei minstekrava som vert stilte til slike anlegg.

med tilvising til rådsdirektiv 91/496/EØF av 15. juli 1991 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av dyr som innføres til Fellesskapet fra tredjestater, og om endring av direktiv 89/662/EØF, 90/425/EØF og 90/675/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 6 nr. 4, og

- 4) Ein effektiv kontroll er avhengig både av at eigna anlegg finst tilgjengelege og at dei framgangsmåtene som er fastsette i regelverket for veterinærkontrollar, vert gjennomførde på ein effektiv måte. Det sistnemnde bør no ha høgste prioritet ved kontrollvitjingar som vert gjennomførde av Næringsmiddel- og veterinærkontoret.

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Det er svært viktig å halde ved lag sikre grenser for å hindre innføring av organismar som kan vere skadelege både for dyre- og menneskehelse, og ei korrekt gjennomføring av fellesskapsregelverket bør overvakast av Næringsmiddel- og veterinærkontoret til Kommisjonen.

- 5) Ved kommisjonsforordning (EF) nr. 745/2004⁽⁵⁾ om fastsettelse av tiltak med hensyn til import av produkter av animalsk opprinnelse beregnet på eget forbruk vert det fastsett ei rettsleg ramme for dei kontrollane som medlemsstatane skal utføre ved alle innførselsstader i Fellesskapet, i tillegg til dei kontrollane som skal utførast ved grensekontrollstasjonar i medhald av veterinærkontrollordninga. Næringsmiddel- og veterinærkontoret til Kommisjonen bør òg overvake slike kontrollar utanfor grensekontrollstasjonane.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 6 av 8.1.2005, s. 8, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 137/2005 av 2. desember 2005 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 10 av 23.2.2006, s. 1.

⁽¹⁾ TEF L 24 av 30.1.1998, s. 9. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 882/2004 (TEU L 165 av 30.4.2004, s. 1).

⁽²⁾ TEF L 268 av 24.9.1991, s. 56. Direktivet sist endra ved tilmeldingsakta av 2003.

⁽³⁾ TEF L 326 av 11.12.2001, s. 44. Vedtaket sist endra ved vedtak 2004/608/EF (TEU L 274 av 24.8.2004, s. 15).

⁽⁴⁾ TEF L 306 av 23.11.2001, s. 28.

⁽⁵⁾ TEU L 122 av 26.4.2004, s. 1.

- 6) Kor ofte Næringsmiddel- og veterinærkontoret bør gjennomføre kontrollvitjingar ved grensekontrollstasjonar for å vurdere importkontrollen ved grensekontrollstasjonane og kor omfattande desse vitjingane skal vere, bør avgjerast på grunnlag av risikoane for dyre- og menneskehelse i Fellesskapet, samstundes som det vert teke omsyn til alle opplysningar som er tilgjengelege for Kommisjonen, medrekna handelsmønster i Fellesskapet, statistiske opplysningar som er tilgjengelege i medhald av veterinærregelverket, resultatane av tidlegare kontrollvitjingar som kontoret har gjort, eventuelle problemområde og eventuelle andre relevante opplysningar.
- 7) Vedtak 2001/881/EF bør difor endrast.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelse —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I vedtak 2001/881/EF skal artikkel 2 lyde:

«*Artikkel 2*

1. Veterinærakkunnige frå Kommisjonen skal i samarbeid med sakkunnige i medlemsstatane gjennomføre jamlege inspeksjonar i medlemsstatane for å kontrollere at regelverket for importkontroll ved dei grensekontrollstasjonane som er førde opp i vedlegget, vert etterlevd. Føremålet med kontrollvitjingane er å vurdere risikoane for dyre- og menneskehelse i Fellesskapet og kontrollere alle sider ved gjennomføringa av fellesskapsregelverket for veterinærkontroll ved import, medrekna infrastruktur, utstyr og framgangsmåtar.
2. Kommisjonen kan òg, etter samråd med den medlemsstaten som det gjeld, vurdere dei kontrollane som med omsyn til dyre- eller menneskehelse vert gjennomførde ved import og av den personlege bagasjen til passasjerar ved andre innførselsstader som ikkje er førde opp som grensekontrollstasjonar.

3. Ved inspeksjonar som vert gjennomførde av veterinærakkunnige frå Kommisjonen, skal det takast utgangspunkt i alle dei relevante faktorane som det er gjort greie for i nr. 4, og dei moglege risikoane og verknadene som desse faktorane utgjer for dyre- og menneskehelse i Fellesskapet.

4. Kommisjonen skal i samband med planlegginga av kontrollvitjingar for Næringsmiddel- og veterinærkontoret fastsetje kor og kor ofte desse kontrollvitjingane skal finne stad, samstundes som det vert teke omsyn til tidlegare inspeksjonar som er gjennomførde i medlemsstatane, data som er samla inn i medhald av TRACES-systemet, opplysningar som medlemsstatane har sendt inn i medhald av kommisjonsforordning (EF) nr. 745/2004, og følgjande parametar:

- dei kvantitative og kvalitative handelsmønstra i kvar medlemsstat, medrekna kva type og art av dyr eller produkt som det gjeld, og opphavsstaten deira,
- relevante opplysningar med omsyn til eventuell ulovleg import og den moglege risikoen for innføring av sjukdom,
- opplysningar som er tilgjengelege innanfor ramma av snøggvarslingssystemet,
- alle andre relevante opplysningar.

5. Kommisjonen skal kvart år sende over til medlemsstatane ein kopi av inspeksjonsrapporten for alle dei grensekontrollstasjonane som er vitja gjennom dei siste tolv månadene, saman med ein rapport om utviklinga av den allmenne situasjonen ved dei godkjende grensekontrollstasjonane.»

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 3. januar 2005.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen